

AVGJERD I EØS-KOMITEEN
nr. 19/2003

av 31. januar 2003

om endring av protokoll 31 til EØS-avtala om samarbeid på særlege område utanfor dei fire fridommene

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, endra ved protokollen om justering av avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla “avtala”, særleg artikkel 86 og 98, og

på følgjande bakgrunn:

- 1) Protokoll 31 til avtala vart endra ved avgjerd i EØS-komiteen nr. 100/2001 av 13. juli 2001⁽¹⁾.
- 2) Samarbeidet mellom avtalepartane bør utvidast til å omfatte europaparlaments- og rådsavgjerd nr. 1786/2002/EF av 23. september 2002 om vedtaking av eit fellesskapshandlingsprogram på området folkehelse (2003-2008)⁽²⁾.
- 3) Avgjerd nr. 1786/2002/EF opphevar frå 31. desember 2002 europaparlaments- og rådsavgjerd nr. 645/96/EF⁽³⁾, 646/96/EF⁽⁴⁾, 647/96/EF⁽⁵⁾, 102/97/EF⁽⁶⁾, 1400/97/EF⁽⁷⁾, 372/1999/EF⁽⁸⁾, 1295/1999/EF⁽⁹⁾ og 1295/1999/EF⁽¹⁰⁾, som er tekne inn i avtala og difor må opphevast i avtala.
- 4) Protokoll 31 til avtala bør difor endrast for å gjere eit slikt utvida samarbeid mogleg frå 1. januar 2003 –

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

I protokoll 31 til avtala vert det gjort følgjande endringar i artikkel 16:

⁽¹⁾ TEF L 251 av 20.9.2001, s. 27, og EØS-tillegget til TEF nr. 47 av 20.9.2001, s. 14.

⁽²⁾ TEF L 271 av 9.10.2002, s. 1.

⁽³⁾ TEF L 95 av 16.4.1996, s. 1.

⁽⁴⁾ TEF L 95 av 16.4.1996, s. 9.

⁽⁵⁾ TEF L 95 av 16.4.1996, s. 16.

⁽⁶⁾ TEF L 19 av 22.1.1997, s. 25.

⁽⁷⁾ TEF L 193 av 22.7.1997, s. 1.

⁽⁸⁾ TEF L 46 av 20.2.1999, s. 1.

⁽⁹⁾ TEF L 155 av 22.6.1999, s. 1.

⁽¹⁰⁾ TEF L 155 av 22.6.1999, s. 7.

1. Dei åtte første strekpunkta i nr. 1 vert oppheva.
2. Nytt strekpunkt i nr. 1 skal lyde:

“— **32002 D 1786**: Europaparlaments- og rådsavgjerd nr. 1786/2002/EF av 23. september 2002 om vedtaking av eit fellesskapshandlingsprogram på området folkehelse (2003-2008) (TEF L 271 av 9.10.2002, s. 1).”
3. Nr. 2 vert oppheva.
4. Noverande nr. 3 vert nr. 2, og noverande nr. 4 vert nr. 3.

Artikkel 2

Denne avgjerda tek til å gjelde 1. februar 2003, på det vilkåret at EØS-komiteen har motteke alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i avtala^(*).

Avgjerda skal nyttast frå 1. januar 2003.

Artikkel 3

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

Utferda i Brussel, 31. januar 2003.

*For EØS-komiteen
Formann*

P. Westerlund

Sekretærer for EØS-komiteen

P.K. Mannes M. Brinkmann

^(*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.